



Hindenes G. Bygg & Rehabilitering  
Ikeland 26  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1427 - 15/37927

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
18.12.2015

## Mellombels bruksløyve - gbnr 168/10 Eikeland søndre.

### Administrativt vedtak. Saknr: 570/15

**Tiltakshavar:** Gunn-Elin H. og Bjørn Arild Bysheim  
**Ansvarleg søkjar:** Hindenes B. Bygg & Rehabilitering AS  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 31.01.2014 med endringsløyve datert 12.06.2014. Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Følgjande arbeid står att:

1. Innvendig:  
Overflate belegg og montering av sanitærinstallasjonar på bad i andre høgda  
Noko listearbeid.
2. Utvendig:  
Litt takarbeid og noko listearbeid.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.01.2016.

Det vert elles vist til søknad motteken 16.01.2015, supplert 18.12.2015.

### VURDERING

Skildra gjenståande arbeid mht trykktesting i søknaden er dokumentert gjennomført ved tettleiksrapport mottatt 18.12.2015. Oppdatert gjennomføringsplan må sendast kommunen.

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heiletiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.



### Skildring

Adresse:	Ikeland 82
Bygningstiltak:	Bustad og veg
Bygningsnummer:	300454552
Bruksareal:	241
Avløp:	Privat reinseanlegg
Vatn:	Privat vatn - borehol
Tal på røykløp:	1

### VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bustad med tilhøyrande anlegg på gbnr 168/10 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Heile tiltaket
2. Oppdatert gjennomføringsplan vert å senda kommunen.
3. Ferdigattest skal liggja føre innan 31.01.2016.

### Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1427

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Delt handsaming – mellombels bruksløyve	1	Kr 2 900,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 2 900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

#### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngeven.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Kopi til:

Gunn-Elin H. og Bjørn Arild Bysheim Ikeland 26 5911 ALVERSUND

#### Mottakarar:

Hindenes G. Bygg & Rehabilitering Ikeland 26 5912 SEIM